



Alv Terje Fotland  
Munkebekksmauet 4  
5011 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/2493 - 15/35411

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
19.11.2015

## Løyve til oppføring av driftsbygning - gbnr 182/3 Gausreide

**Administrativt vedtak. Saknr: 519/15**

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av nybygg på grunnmuren etter driftsbygning som vart riven. Bygningen skal nyttast som lager for reiskap og produkt. Bruksareal (BRA) er opplyst til å vera ca. 220 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 117 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad vert svært liten, sidan det er eit gardsbruk.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.06.2015.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.06.2015, og vi beklagar at denne søknaden har vorte liggande så lenge uhandsama.

Frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne datoен. Overskridning av fristen for 3-vekersaker fører ikkje til bortfall av gebyr

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som landbruks- natur- og friluftsområde (LNF). Driftsbygning i landbruket er i samsvar med arealføremålet.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Landbruksavdelinga stadfestar at byningen er nødvendig for drifta på bruket.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonskart datert 08.05.2015.

### **Tekniske krav til byggverk**

Bygningen skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av driftsbygning i samsvar med søknad motteken 09.06.2015

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttet ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2493

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

**Gebyr.**

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ  
Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Søknadspliktige tiltak		Gebyr	
Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Bruk av kartbasis	1	Kr 500,-
10.3.1	Basisgebyr driftsbygning	1	Kr 6.000,-
<b>Totalt gebyr å betala</b>			<b>Kr 6.500,-</b>

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet  
kan settast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

**Klage**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf.  
forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken  
på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere  
grunngjeven.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alv Terje Fotland

Munkebekksmaue 5011  
t 4

BERGEN